

# MØTEBOK REGIONRÅDET FOR HALLINGDAL



**Møtedato:** 18-19.8.2010

**Stad:** Gravabotn

**REGIONRÅDET  
FOR HALLINGDAL**

## **Desse møtte frå Regionrådet:**

Oddvar Grøthe,	Hemsedal kommune
Torleif Dalseide,	Ål kommune
Erik Kaupang,	Hol kommune
Olaug Grønseth Granli,	Gol kommune
Gerd Eli Berge,	Nes kommune
Tor Egil Buøen,	Flå kommune

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.

---

## **SAK 41/10 GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL 25.6.2010**

### **Vedtak**

Møteprotokoll 25.6.2010 vart vedteke.

## **SAK 42/10 UTTALE, ”HELHETLIG OG LANGSIKTIG PLAN FOR FREMTIDIG SKOLETILBUD I BUSKERUD FYLKESKOMMUNE”.**

### **Vedtak**

Regionrådet for Hallingdal gav i brev dat. 23.4.2010 uttale til ”Helhetlig og langsiktig plan for det fremtidige skoletilbudet i Buskerud”. Med bakgrunn i ”Utkast til Helhetlig og langsiktig plan for skoletilbudet i Buskerud” gjev Regionrådet for Hallingdal slik uttale.

### **Generelt**

Hallingdal er ein klart definert og avgrensa region som bu- og arbeidsmarknadsregion. I forhold til vidaregåande opplæring er og Hallingdal ein klart definert region med ein tilpassa tilbudsstruktur. Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at det framtidige skoletilbudet inkl. den vidaregåande opplæringa blir sett inn i ein større samanheng, der det må takast omsyn til fleire problemstillingar som:

- Hallingdal som ein attraktiv region, med eit godt og allsidige utdanningstilbod
- Hallingdal sine framtidige behov for kompetanse
- Vurdering av nye utdanningstilbod i skjeringspunktet; fjellandbruk, reiseliv, friluftsliv.

Regionrådet for Hallingdal registrerar med ei viss bekymring at framtidige skulestruktur i alt for liten grad er vurdert i forhold til m.a. distriktsmessige utfordringar.

### **Hallingdal som ein attraktiv region, med eit godt og allsidige utdanningstilbod**

Hallingdal på lik linje med dei fleste distriktsregionar har utfordringar i forhold til å oppretthalde ei stabil busetting og sikre nødvendig arbeidskraft. I motsetning til fleire distriktsregionar har ikkje Hallingdal noko utdanningstilbod, utover den vidaregåande skulen. Dette gjer at dei fleste ungdommar frå Hallingdal, som ynskjer ei høgare utdanning, må flytte ut, og gjer ei attendeflytting ”tyngre”. Ein annan konsekvens er at Hallingdal ikkje har den type institusjon (samfunnsaktør) og arbeidsplassar som ein skule med høgare utdanning ville gje.

For Hallingdal som ein avgrensa region er det særst viktig å ha eit breitt tilbod innan vidaregåande utdanning. Både for at ungdommen skal ha gode valmogelegheiter og kunne bu

heime eller i nærleiken av heimen. I tillegg er eit godt og variert tilbod innan vidaregåande skule eit viktig parameter for mange foreldre som vurderar flytting.

**Regionrådet for Hallingdal vil på det sterkaste understreka behovet for at Hallingdal har eit fullverdig skuletilbod, som i dag.**

#### Hallingdal sine framtidige behov for kompetanse

Regionrådet for Hallingdal trur det er heilt nødvendig med eit tettare samarbeid mellom skule (fylkeskommunen), næringsliv og kommunane, for i endå større grad å tilpasse ein del av utdanningsprogrammet til regionen sine behov. Og ikkje minst marknadsføre mogelegheitene. Det må leggast større vekt på involvering og samarbeid med partane i heile utdanningsløpet. Regionrådet vil i denne samanheng gje honnør til fylkeskommunen for offensive tiltak med m.a. nytt utdanningsløp for rekruttering til reiselivet i Hallingdal.

Regionrådet trur det kan vera rett å få til eit endå sterkare samarbeid mellom skule, næringsliv og kommunane. Og at det med bakgrunn i felles strategiar blir sett i gang nødvendige tiltak.

#### Utdanningsprogrammet medier og kommunikasjon

Regionrådet for Hallingdal støttar Gol vidaregåande skule si uttale vedr. utdanningsprogrammet for Medier og kommunikasjon.

Det er viktig for Hallingdal å oppretthalde eit breitt utdanningstilbod, og dermed vera attraktive for eigen ungdom, og for rekruttering til Hallingdal. Og som det er understreka tidlegare, er det for Hallingdal som ein avgrensa region, særst viktig å ha eit breitt tilbod innan vidaregåande utdanning.

Det er og viktig å understreka at medier og kommunikasjon samarbeider med andre utdanningsprogram internt på skulen og eksternt i regionen med kultur og arbeidsliv og det er gode resultat frå arbeid med entreprenørskap.

Medier og kommunikasjon er ei moderne almenndannande, praksisnær opplæring som gir eit godt grunnlag for universitet og høgskular. Medier og kommunikasjon er i dag det utdanningsprogrammet som pga. alle timane med praktisk medieproduksjon, utdannar dei mest digitalt kompetente elevane i vidaregåande skule. Det sentrale i dette utdanningsprogrammet er at elevane her får arbeide praktisk med mediefaga. Det får dei ikkje om dei vel medierelaterte fag på studiespesialisering, sidan desse er reine teorifag.

Med ei nedlegging av utdanningsprogrammet medier og kommunikasjon mister Hallingdal sitt best søkte utdanningsprogram. Dette verkar noko meiningslaust og vil bety at frå Hallingdal vil mange elevar ikkje få sitt primære ynskje, og dermed vil motivasjonen falle. For erfaringa tilseier at få, om nokon vil reise 15-20 mil til Hønefoss for å ta utdanninga.

Med bakgrunn i dei reaksjonar som er kome fram kan det sjå ut som om Hallingdal i alt for liten grad er trekt inn i dei vurderingar som er gjort. Regionrådet vil m.a. hevde at dei distriktsmessige utfordringane og problemstillingane ikkje er vurdert.

**Regionrådet for Hallingdal ser det derfor som svært viktig å oppretthalde utdanningsprogram for Medier og kommunikasjon ved Gol vidaregåande skule.**

#### Utdanningsprogram naturbruk

Regionrådet for Hallingdal synest det er synd at utdanningsprogram innan naturbruk ikkje er vurdert inn i ein noko større samanheng:

- Utfordringar for landbruket/fjellandbruket
- Utdanningstilbod i skjeringspunktet; fjellandbruk , reiseliv, friluftsliv, kulturlandskapspleie
- Utdanningstilbod på tvers av fylkesgrenser, men vurdert ut frå næringsstruktur, t.d. fjellandbruket i fjellregionen.

- Ta vare på byggetradisjonane og lære seg å vøle denne kulturarven.

Konsekvensane ved ei nedlegging av utdanningsprogram naturbruk er heller ikkje vurdert inn i ein næringssamanheng. Landbruket i innlandet og fjellandbruket, mistar den siste skulen som tilpassar opplæringa til dei forholda og driftsformene som er aktuelle her.

Det er og viktig at ein i Buskerud som norges 3. største skogfylke, opprettheld tilbod og kompetanse ved ei evt. nedlegging av tilbodet på Saggrenda.

Dagens utdanningsprogram innan naturbruk er ei utfordring, som det er viktig at blir vurdert på ein mykje grundigare måte enn det som er gjort til no. Fylkeskommunen gjennom forvaltningsreforma har fått eit større ansvar for kompetanseutvikling innanfor tradisjonelt landbruk og nye næringar - inkludert etter- og vidareutdanningstilbod for yrkesutøvarar i skogbruk og landbruk. Dette vil også omfatta kompetansetiltak som gjev vaksne med anna vidaregåande utdanning grunnleggjande landbruksutdanning.

Me trur naturbrukslinja i Hallingdal vil kunne utvikle tilbod i skjeringpunktet mellom landbruk-reiseliv og natur og kultur. Viss det er nokon region i Norge der ein kan tenkje seg noko som minnar om fjellområda i Sveits, Austerrike og Nord-Italia, der kombinasjonen reiseliv og landbruk er svært viktig så er det vel Vest-Telemark, Hallingdal, Valdres og Nord Gudbrandsdalen, og der er det ingen naturbrukskular att om Lien blir nedlagt. Det er nødvendig å finne varige løysingar. **Regionrådet for Hallingdal vil be om at det blir sett i gang eit arbeid som vurderar ei framtidig naturbrukslinje inn i ein fjellregionstrategi, der læreplanane blir tilpassa for fjellandbruket i dag og i framtida.**

Dersom det er ynskjeleg kan Regionrådet for Hallingdal delta i eit slikt arbeid.

Hallingdal og tilsvarande regionar har store utfordringar i forhold til samspelet mellom landbruk og reiseliv. Ofte to svært viktige næringar som er avhengige av kvarandre. Mange av fjellregionane har og mogelegheiter og utfordringar innan bruk/vern problematikken. I denne samanheng trur Regionrådet for Hallingdal det vil vera rett å sjå på heilt nye utdanningstilbod, tilpassa morgondagens fjellbonde og reiseliv.

Eit slikt utdanningstilbod vil og kunne tilpassast planane til Norges Friluftshøgskole som skal vera: *"En internasjonalt ledende profesjonshøgskole for utdanning av guider/veiledere, vertskap og tilretteleggere med natur- og kulturlandskapet som arbeidsplass"*.

Dersom utdanningsprogram naturbruk skal vurderast ut frå dagens situasjon og fylkesgrenser skjønar Regionrådet for Hallingdal at det er nødvendig med ei sterkare samling av utdanninga. Regionrådet meiner likevel det vil vera rett å vurdere struktur i forhold til geografi (avstand) og ei erkjenning om at det er viktig å oppretthalde eit utdanningsprogram innan naturbruk, som er tilpassa fjellandbruket. Dei tradisjonelle "faga" husdyrstell, jordarbeiding såing, hausting osv kan for så vidt læras alle stader, men topografi, utmarksbeiter, stølsdrift skjøtsel av utmark/fjell osv bør tilpassast fjellregion. Også praktiske erfaringar er vesentleg forskjellige i fjellandbruket og flatbygdlandbruket.

Ei nedlegging av Ål vgs. Avd. Lien vil vera eit dramatisk grep som ikkje kan reverserast. Dette vil vera med på å svekke rekrutteringa til ei næring, der ein heller burde arbeide aktivt for å styrke rekrutteringa. Regionrådet er også skeptisk til at naturbruksungdommar må bu borte alt frå dei er 16 år.

Ved ein eventuell reduksjon av tilbod innan naturbruk meiner Regionrådet at Lien har viktige kvalitetar som eit aktivt og levande gardsbruk, god tilgang og utnytting av ressursar i utmark/fjellområde, god tilgang til verkstader for maskiner og anna utstyr, gode opplæringsrom for teori og kroppsøving, samt eit godt og trygt butilbod.

## **Regionrådet for Hallingdal ber om at det i vidare vurderingar blir vurdert konsekvensar i eit mykje vidare og meir langsiktig perspektiv.**

### Mogelege strukturendringar ved dei vidaregåande skulane

Regionrådet for Hallingdal er usikker på kva som er tenkt i forhold til samanslåing av Ål og Gol vgs. Det blir sagt at: ”Skolene vil kunne oppnå en styrkning av kvaliteten på fagmiljøene og det samlede opplæringstilbudet ved skolene ved at de administrativt er en skole”.

Ut frå dette skjønar Regionrådet det slik at det også i framtida skal vera to skuler.

I forhold til dei fordelar og ulemper som er lista opp ved samanslåing av skular kan dette virke noko forvirrande.

#### *Fordeler:*

- *En enhetlig og gjennomgående tenkning om skolestruktur som fastholder tidligere målsettinger og bygger på det arbeidet som allerede er gjort.*
- *Fylkesutdanningssjefens ledergruppe blir mindre, og styring og ledelse mer effektiv*
- *Mer robuste fagmiljøer, mindre utsatt for konjunktursvingninger*
- *Ved en slik organisering vil Fylkesutdanningssjefen på sikt ha åtte rektorer å forholde seg til, noe som gjør styringsdialogen lettere, også med hensyn til rasjonell tidsbruk.*

#### *Ulemper:*

- *Ved å samle fagmiljøer færre steder, kan enkelte elever få noe lenger reisevei*
- *Enkelte ansatte vil måtte bytte arbeidssted*
- *Det må påregnes tid til å implementere en ny organisasjonskultur, noe som i en periode kan ta fokus bort fra primærproduksjonen*

Regionrådet for Hallingdal vil i denne samanheng peike på at dei fordelar og ulemper som er lista opp i stor grad dreiar seg om intern organisering. Det er ikkje gjort noko forsøk på å vurdere kva ei vidaregåande skule har å seie for eit samfunn.

Det kan sjå ut som om målsettinga om ”De videregående skolene er viktige regionale utviklingsaktører i Buskerudsamfunnet” her er gløymt.

**Regionrådet for Hallingdal kan på ingen måte akseptere ei samanslåing av dei to attverande skulane i Hallingdal.**

### Entreprenørskap

For å oppnå ei auka satsing på entreprenørskap i vidaregåande skule, ynskjer Regionrådet at det blir sett i gang eit arbeid for å motivere skulane til å prioritere dette i sine planar, og til å påverke skulane til å følgje opp satsingane.

### Karriererettleiing

Karriererettleiing har særleg to utfordringar:

- Bidra til at elevar gjer bevisste og rett utdanningsval som fører til ein kompetanse dei kan nytte til vidare arbeid eller studiar.
- Sikre arbeidslivet rekruttering av kvalifisert arbeidskraft på alle nivå

Det er viktig at det blir sett fokus på karriererettleiing for å redusere fråfallet i vidaregåande opplæring. Framtidig organisering og utvikling av rådgjevingstenesta og ulike samarbeidsmodellar mellom skule og arbeidsliv bør innarbeidast.



## SAK 43/10 UTTALE, HANDLINGSPLAN 2010-2011 FOR REISELIVET I BUKSERUD

### Vedtak

#### **Generelt**

I forhold til bruk av ein relativt liten pott midlar meiner Regionrådet for Hallingdal det er svært viktig at midlane er målretta og at det er stor aksept i næringa for måten midlane blir nytta.

Under ”program tiltakene” er det tydelege tidsplanar og fristar, på tiltak under ”definerte prosjekter” manglar dette. Under kvart enkelt tiltak bør det derfor supplerast med tidsplan for å sikre framdrift, og det vil gjera det meir forutsigbart for dei som skal involverast.

I forhold til konkrete tiltak har Regionrådet for Hallingdal kommentarar/merknadar til nokre av tiltaka. For dei tiltaka som ikkje er kommentert har ikkje Regionrådet spesielle synspunkt.

#### **Satsingsområdet Bærekraft**

Det er viktig at tiltaket blir kobla til prosjektet ”Bærekraftig Reiseliv 2015”, slik at erfaringar kan nyttast og ein unngår unødvendig resursbruk.

<http://www.innovasjon norge.no/Satsinger/Reiseliv/Barekraftig-reiseliv/>

#### **Satsingsområde Områdeutvikling/reisemålsutvikling**

##### Oppdatere og revidere Hytteveilederen.

Hytteveilederen/hytteplanleggeren har no fungert i fleire år, men det er grunn til å tru at dei dette verktøyet var tiltenkt, i liten grad nyttar det. Spørsmålet er m.a. om Hytteveilederen er for omfattande, slik at den blir for ressurskrevjande å halde oppdatert. Blir denne type informasjon og dokumentasjon oppfatta å ikkje vera fortløpande oppdatert, er det grunn til å tru at bruken blir liten. Regionrådet for Hallingdal meiner det må gjerast ei kartlegging blant aktuelle brukarar for å klarleggja reell bruk og nytteverdi. I tillegg må det vera vilje til å avsetta nødvendige årlege ressursar, slik at Hytteveilederen er eit dynamisk verktøy.

##### Løfte fellesgodeproblematikken opp på agendaen

Etter Regionrådet for Hallingdal sitt syn vil det vera viktig å følgje prosjektet med frivillige pilotar for fellesgodefinansiering, som starta opp i 2009. Det er grunn til å tru at resultatane frå dei pilotane som er sett i gang, vil vera eit viktig grunnlag for det vidare arbeidet.

#### **Satsingsområde Strategiske allianser**

##### Utdanningsprogram i Hallingdal/ Rekruttering til reiselivsfag Hallingdal

Regionrådet for Hallingdal ser på tiltaket med 4- årig alternativ reiselivsutdanning, som gir både fagbrev og generell studiekompetanse, med tett kobling mot næring og praksis i bedriftene, som eit svært godt og nødvendig tiltak. Det same gjeld rekruttering til reiselivsfag.

#### **Satsingsområde Samferdsel**

Mål under tema samferdsel er:

- *Infrastrukturen i Buskerud skal sikre konkurransekraft på lik linje med sammenliknbare regioner og destinasjoner*
- *Samferdselstilbudet skal utvikles på en miljømessig god måte og kundeperspektivet skal ivaretas.*

Prioritert tiltak *Strategi for skjøtsel, informasjon, service og rasteplasser*, kan vera eit tiltak. Men det desidert viktigaste tiltaket for reiselivsnæringa i Hallingdal vil vera å arbeide for nedkorting av reisetid og radikal betring av vegstandard. I tillegg vinteropne fjellovergangar med god regularitet. I fyrste rekkje dreiar dette seg om kontinuerleg arbeid både administrativt

og politisk. Dette er eit arbeid som har vore prioritert og som må prioriterast i det vidare arbeidet (2010 – 2011).

### **Satsingsområde Kompetanse**

#### Informasjonsmøter om regional delplan

Informasjonsmøte om delplanen må gjerast tidleg slik at planen blir kjent og folk blir engasjert og får forståing for planen. Desse møta bør samordnast med informasjon om fritidsbustadar.

#### Forsknings- og kompetansesenter reiseliv

Regionrådet for Hallingdal støttar arbeidet med forstudie Forsknings- og kompetansesenter reiseliv . Regionrådet vil her minne om rådet si uttale til reiselivsstrategi for Buskerud 2006 – 2008:

*Det skal arbeidast for eit nasjonalt forskingssenter for reiseliv Det vil gje auka kunnskap som er ei føresetnad for å utvikle det reiselivet som det blir lagt opp til i reiselivsstrategien og i Regjeringa sin handlingsplan. Det er eit mål at eit slikt forskingssenter blir lokalisert i Hallingdal. Utgangspunktet for dette er fyrst og fremst at eit slikt senter blir lokalisert i eit nasjonalt sterkt næringsmiljø innan reiseliv. I tillegg vil eit forskingssenter i Hallingdal vera i sentrum i forhold til tema som naturbasert reiseliv, reiseliv -landbruk - kultur og utfordringar i forhold til ei berekraftig utvikling. Ei slik lokalisering vil også bygge opp under ei erkjenning om kor viktig reiselivet er i store delar av distrikts-Norge. For Hallingdal vil eit forskingssenter vera ei etablering som kan gje store ringverknader både for Hallingdal som region og som eit sterkt og positivt aktivum for reiselivsnæringa. Viktige aktørar for ei realisering vil forutan statlege styresmakter vera reiselivsnæringa, Høgskolen i Buskerud og Buskerud fylkeskommune.*

Regionrådet for Hallingdal har og i sin strategiske plan eit tiltak: ”Arbeide for etablering av nasjonalt forskingssenter for reiseliv i Hallingdal”.

Regionrådet for Hallingdal vil og peike på at det er viktig å støtte opp under etableringa av Noregs Friluftshøgskole, Norsk Fjellmatsenter og utviklinga av Geilo som nasjonalparklandsby. Dette er tiltak som vil vera viktige tiltak for utviklinga av reiselivet både regionalt og nasjonalt. Desse tiltaka må ligge i planen som konkrete tiltak, samstundes som det er viktig å avklare moglege samarbeid/grenseflater.

### **Satsingsområde Rolledeling**

#### Organisere det industrielle reiselivet

Regionrådet for Hallingdal ser det som viktig at det blir sett spesielt fokus på det industrielle reiselivet.

### **SAK 44/10 OPPFØLGING AV HALLINGTINGET SITT VEDTAK, SAK 04/10**

#### Vedtak

Med bakgrunn i Hallingtinget sitt vedtak i sak 04/10, gjer Regionrådet for Hallingdal slikt vedtak:

1. Regionrådet for Hallingdal ber Rådmannsutvalet gå gjennom og oppdatere eksisterande oversikt over eksisterande samarbeidstiltak mellom kommunane i Hallingdal og at dette blir klart innan 1.11.2010.
2. Regionrådet for Hallingdal ber Rådmannsutvalet gjera vurdering av moglege alternativ for framtidige organisering av eksisterande og aktuelle nye samarbeidstiltak i Hallingdal. Forslag skal leggjast fram for Regionrådet for vidare vurdering innan 1.1.2011.
3. Regionrådet for Hallingdal vedtek å setja i gang eit arbeid for å vurdere strukturutfordringar og moglegheiter for kommunane i Hallingdal og for Hallingdal som region. Dagleg leiar i samarbeid med rådsordførar utarbeidar forslag til mandat som skal handsamast i Regionrådet 29.10.2010.

## **SAK 45/10 PROFILERING AV HALLINGDAL OG SAMARBEID REISELIV**

### **Vedtak**

1. Regionrådet for Hallingdal vil setja i gang ein prosess med tanke på ei sterkare og tydelegare profilering av Hallingdal som region. Dagleg leiar utarbeidar sak til 27.8.
2. Regionrådet for Hallingdal ynskjer ei vurdering av reiselivssamarbeidet i Hallingdal, i tillegg følgje opp forslaget frå Hallingdal Reiseliv om å vurdere "Hallingdal" som merkevare. Som eit fyrste steg blir det etablert ei arbeidsgruppe som skal utarbeide forslag til vidare prosess, mandat og kostnader.

## **SAK 46/10 GEITEHALD I HALLINGDAL**

Geitebøndene Ole-Egil Trinrud og Olav Randen orienterte om utsiktene for framtidig geitehald i Hallingdal.

Olav Randen tok for seg meirestrukturen i Norge, frå 170 meieri i 1985 til 44 i dag (vedlegg 3, meierikart), og planar om ytterlegare nedlegging av inntil 12 meieri (sjå vedlegg 2). Randen gjekk og gjennom utviklinga i Hallingdal frå geitostproduksjon som vart utvikla ved meieriet på Ål, tidleg på 1960-talet, til dagens situasjon med levering til Lom & Sjøk. Ei nedlegging av meieriet Lom & Sjøk er venta, då kan leveringsstad bli Byrkjelo. Ei nedlegging av Lom & Sjøk og eventuelt Fossheim i Valdres vil føre til at store delar av fjellregionen blir utan meieri.

Ole-Egil Trinrud orienterte om noko av utfordringane for geitebonden i Hallingdal.

Totalt er det 17 geitebønder i Hallingdal, med ein produksjon på ca. 850 tonn mjølk.

I Valdres er det ca. 20 geitebønder med nokolunde tilsvarande mjølkemengde som i Hallingdal.

På landsbasis er det vel 400 geitebønder.

For 2 år sidan var det for lite geitemjølkk i Norge og det vart opna for nyetableringar.

Det gjekk eit år, då var det plutselig for mykje geitemjølkk. Noko av årsaka var at Tine droppa Snøfrisk satsinga i Storbritannia, grunna finanskrisa. No er det stipulert at det er ca. 10% for mykje geitemjølkk. Ny strategiplan for geit kjem til jul. Trinrud var bekymra for strukturendringar, og at det kan føre til nedlegging, for dei som ligg langt frå meieri. I eit slikt scenario er Hallingdal utsett. Ein tilsvarande situasjon vil det og kunne bli i Valdres.

Trinrud peika på gode fagmiljø i både Hallingdal og Valdres og at geitebonden er kjernen i stølsdrifta i Hallingdal. Utfordringane kjem og klart fram i oppslag i Hallingdølen 29.7.2010, vedlegg 1.

Det vart og understreka at sjølv om geitenæringa er liten er den viktig i ein reiselivssamanheng, for støling og som ein viktig landskapspleiar. I seinare tid har det og vorte meir bruk av geiter til kjøtt- og ullproduksjon. Det er og viktig å ta vare på tradisjonar og kunnskap om foredling. I tillegg er det fleire geitebønder som har satsa stort, ut frå dei signal som tidlegare vart gjeve.

Det vart drøfta ulike arbeidsmåtar og løysingar for å setja meir fokus på geitehald i Hallingdal - moglegheiter og utfordringar. I tillegg til direkte utfordringane for geitebonden er dette også viktige tema i ein distrikts/fjellregionpolitikk. Ein aktuell politisk arena kan vera Fjellregionsamarbeidet. I fyrste omgang vil Regionrådet for Hallingdal ta opp problemstillingane med regionstyret i Valdres (ordførarane), i felles møte som er planlagt i slutten av september.

Dagleg leiar fekk i oppgåve å førebu ei sak i samarbeid med geitenæringa i Hallingdal og representantar frå Valdres.

## **SAK 47/10    EVENTUELT**

### IKA-Kongsberg (Interkommunalt arkiv for Buskerud, Vestfold og Telemark IKS)

Med bakgrunn i ekstraordinært i representantskapsmøte i IKA Kongsberg 23.09.2010 og eventuell samordning av sak til kommunane i Hallingdal, vart det bestemt at Regionrådet/Rådmannsutvalet drøftar saka på møte 27.8. Då vil og dagleg leiar i IKA Kongsberg, Wenche Risdal Lund orientere.

### Utsiktsrydding

Gerd Eli Berge orienterte kort om prosjekt utsiktsrydding

- Planlagt rydding er stort sett ferdig
- Det må avklarast om engasjement av prosjektleiar skal forlengast med 1mnd. (ut september). Dagleg leiar avklarar økonomi.
- Statens vegvesen har løyvd kr. 300.000 ekstra til prosjektet i år.
- Det må lagast sak for kommunane i Hallingdal i forhold til etterskjøtsel. Skogbrukssjef i Nes har teke på seg å laga utkast til felles sak.

### 7th European Mountain Convention "European Mountain Regions- A spirit of Innovation" 15-17. September 2010 på Lillehammer

Annakvart år sidan 1998 har Euromontana arrangert ein fjellkonferanse for å samle europeiske, nasjonale, regionale og lokale interessentar, forskarar og gründarar. Deltakarane vil i løpet av 3 dagar diskutere viktige spørsmål knytta til utvikling av fjellområde og lokalsamfunn. I år har Euromontana for fyrste gong vald å leggja konferansen til Noreg, nærare bestemt Lillehammer. Målet er å samle 400 politikarar, byråkratar, forskarar, næringsdrivande, organisasjonar og privatpersonar med interesse for fjellpolitikk.

Førebels er det for dårleg påmelding frå Norge, og Olaug (medlem i Arbeidsutvalet) ba om at kommunane vurderte påmelding og samstundes sendte invitasjon til aktuelle personar, bedrifter.

### Energi- og klimaplan for Hallingdal og Valdres

Tor-Egil orienterte om møte i styringsgruppa. Med bakgrunn i noko ulike vedtak i Valdres og Hallingdal hadde dette vore eit tema, saman med forslag til tiltaksplan. Styringsgruppa konkluderte med at det var ynskjeleg å få til eit felles møte med ordførarane og rådmennene i dei to dalføra, for å få ei best mogeleg felles plattform for det vidare arbeidet.

### Kontorlokale Hallingdal Barnevernstjeneste

Torleif orienterte om problema med framdrift for nytt kontorbygg, med m.a. lokale for Hallingdal Barnevernstjeneste. Det er ikkje endeleg avklart når kontorlokale kan stå ferdige. Kommunen er i tett dialog med utbyggjar og avklaring er venta i løpet av neste veke. Ål kommune vil halde dei andre kommunane fortløpande oppdatert om utviklinga.

Ål 24.8.2010

Knut Arne Gurigard

Dagleg leiar